

# Vil finne løysing for Olden–Innvik

## Samferdsleminister Liv Signe Navarsete er innstilt på å finne ei løysing for å framskande opprusting av riksveg 60 Olden–Innvik.

**STRYN.** Ministeren hadde ikkje med seg pengar då ho var i Stryn i helga, men gav klare signal om at vegstrekninga mellom Olden og Innvik ikkje kan vente særleg lenger.

– Eg er oppteken av å finne ei løysing og ikkje skubbe denne vegen ut i all framtid, seier Liv Signe Navarsete.

**Stod fast.** I sommar opplevde statsråden sjølv å stå bom fast på riksveg 60 mellom Olden og Innvik. Det var heilt fullt på vegen og på alle møteplassane, slik det ofte er i turistsesongen. Og at vegen treng opprusting, er ikkje noko nytt for ministeren.

– Dette er ei av dei dårlegaste riksvegstrekningane i landet med så mykje trafikk. Olden–Innvik er ei strekning som ikkje kan setjast på vent. Vi må finne ei løysing, meiner ho.

Om eitt år kjem ny Nasjonal Transportplan, NTP. Navarsete si utfordring er å få auke ramma til riksvegar, slik at det kan bli pengar til Olden–Innvik. Ho ønskjer også meir pengar til rassikring og håpar å kunne få til ein miks av midlar.

– Rassikringsbiten vil vere ein viktig nøkkel for å få til prosjektet, meiner ho.

**Trafikkvekst.** Trafikken har auka meir enn venta siste åra, men fleire forhold tilseier endå meir bilar på vegen. Når det blir slutt på bompengar i Fjærland og Kvivsvegen står ferdig, vil endå fleire bilar køyre den indre, ferjefrie vegen. Og den lokale nemnda som jobbar for opprusting av vegen, meiner situasjonen no er kritisk.

– Det er ein alvorleg situasjon. Om nokre år vil ikkje vegen fungere, med den trafikkveksten som kjem, meiner Jon B. Nesje i vegnemnda. Under møtet i Loen laurdag var statsråden sin partikollega, fylkesordførar Nils R. Sandal, også klar på at det hastar.

– Opprusting av vegen må framskundast. Problema her blir berre større og større. Viss vi skal vente til 2014–15, vil det stoppe opp av seg sjølv på denne vegen, meiner Sandal.

Navarsete ville ikkje seie noko årstal for når det kan kome pengar. Først om eitt år kan ho seie meir om dette.

– Nasjonal transportplan vil vere ein viktig milepæl for Olden–Innvik. Ingen trur vel det er mogleg å få ekstramidlar no, spesielt ikkje i den situasjonen at eksisterande prosjekt blir dyrare, seier Navarsete.

ANNE-MARI TOMASGARD  
anne-mari.tomasgard@smp.no